



Møteprotokoll

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023

Møtedato: 20.04.2022 kl. 00:00

Møtestad: Digitalt

Arkivsak: 19/04260

Til stades: Halvor Nordhaug, Vemund Atle Øiestad, Nora Sætre Baartvedt, Per Hilleren, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Astrid Fylling, Kjersti Gautestad Norheim

Møtande
varamedlemmer:

Forfall: Solaug Anita Apelthun, Oddny Miljeteig

Protokollførar: Jan Ove Fjellteit

SAKSLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og saksliste	
<u>24/22</u> Saksliste Bjørgvin bispedømeråd 20.04.2022	2
Godkjenning av protokoll	
<u>25/22</u> Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 15.03.2022	2
Saker til behandling	
<u>26/22</u> Høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd - reglar for val av sokneråd og leke medlemer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet	2
<u>27/22</u> Bjørgvin bispedømmeråd - Høring om rekrutteringsstilling i Den norske kirke- prest under utdanning sendt fra en enhet i Den norske kirke	6
<u>28/22</u> Bjørgvin bispedømeråd - innspel til Qestback på rekruttering av ny biskop	7

Bergen, 04.05.2022

Jan Ove Fjellteit
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

24/22 Saksliste Bjørgvin bispedømeråd 20.04.2022

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	20.04.2022	24/22

Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 20.04.2022:

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent

Godkjenning av protokoll

25/22 Protokoll Bjørgvin bispedømeråd 15.03.2022

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	20.04.2022	25/22

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Protokoll frå BBDR 13.03.2022 vert godkjent

Saker til behandling

26/22 Høyringsfråsegn frå Bjørgvin bispedømeråd - reglar for val av sokneråd og leke medlemer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	20.04.2022	26/22

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd har vedteke følgjande svar på høyringsspørsmål til endringar i kyrkjeordninga og i reglar for val av sokneråd og val av leke medlemer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

(Sjå vedlegg for kopi av fråsegnna)

(1.1) Bispedømerådet støttar forslag til endring i § 6 i kyrkjeordninga. **Ja**

(1.2) Bispedømerådet støttar forslaget til endring i § 9 i kyrkjeordninga (om at soknerådet kan ha ulikt tal på varamedlemer avhengig av kor mange faste medlemer det er). **Ja**

Merknad:

Formuleringa om at det skal veljast «minst» så og så mange varamedlemer botnar i at soknemøtet kan vedta eit større tal på varamedlemer enn det som er minimumskravet. Det kan vera aktuelt når det er val med fleire lister. Det er lite vanleg, og formuleringa kan bli misforstått. Ei tydelegare formulering kan vera å føya til ei setning til slutt om at «Menighetsmøtet kan vedta et tall på varamedlemmer som kan være større enn minimumskravet.» Dersom eit sokn får bruk for fleire enn dei som er valde inn, kan dei lett gjera nytte valoppgjer, så lenge det stod fleire på lista enn dei som vart valde.

(2.1.1.) Bispedømerådet støttar forslaget om at val av nominasjonskomité kan skje i digitalt møte.

Ja

Merknad:

Begge kjønn skal vera representerte i nominasjonskomiteen med minst 40 prosent. Det betyr at det bør veljast minst ein mann og ei kvinne som medlem/varamedlem frå kvart prosti. Det finst ikkje sentrale reglar for kven som skal rykka opp frå vara til medlem dersom vala i prostia til saman ender opp med for mange kvinner eller menn. Ved valet i 2019 var det valrådet i Bjørgvin som gjorde vedtak om korleis dette skulle ordnast i vårt bispedøme.

Dei bestemte følgjande prosedyre:

I tilfeller der det blir færre enn 40% av et kjønn valgt, vil varavalgte kjønnsvoteres. Dette vil gjøres på følgende måte:

- *Kandidater av det underrepresenterte kjønnet er ikke med i beregningen.*
- *Kandidaten fra ungdomsrådet er ikke med i beregningen.*
- *Av det overrepresenterte kjønnet er det den vara med størst prosentvis oppslutning sammenlignet med andre varavalgte, som rykker opp. I tilfeller med stor ubalanse i kjønn kan dette gjøres med flere kandidater.*
- *Dersom flere kandidater har lik prosentvis oppslutning blir det gjennomført loddtrekning.*

Dette burde kanskje regelfestast nasjonalt? Elles må kvar valråd gjera eige vedtak om dette.

(2.1.2) Bispedømerådet støttar forslaget om å regelfesta at sokneråda og ungdomsrådet i bispedømet blir utfordra til å innhente forslag til kandidatar til både Nominasjonskomiteens liste og nomineringsgruppene sine vallister.

Nei

Merknad: BBDR meiner at valrådet skal oppmode sokneråda til å fremje kandidatar til nominasjonskomiteens liste.

Vi har også ein del spørsmål som må utgreiast i tilfelle ein fell ned på «ja» i dette spørsmålet.

- Vi går ut frå at valrådet skal distribuera kandidatforsлага til dei ulike listene. Skal det skje på ein bestemt dato, og kven bestemmer dette?
- Når dei ulike listene får namna, kan det bli konkurranse om kandidatane. Korleis veit nominasjonskomiteen og dei andre listene at kandidatane er «ledige på markedet»? Skal dei ringa rundt og sjekka?
- Vil det vera forskjell på kor fleksible nominasjonskomiteen er vs. dei andre listene i å snu seg fort rundt for å handtera kontakten med mogelege kandidatar? Nominasjonskomiteen har medlemer som ikkje kjenner kvarandre frå før, og som neppe føler seg frie til å agera på vegner av komiteen, i alle fall i mindre grad enn ein liten nominasjonskomite for ei av dei andre listene.
- Forslaget går ut på at sokneråda ikkje treng ta stilling til kva liste kandidatane skal stå på. Det medfører at kandidatane må få spørsmålet om dei vil stå på ei av fleire lister, og at dei må venta på at lister som er interessert i å ha dei med, tek kontakt, evt. at dei må mælda si interesse sjølv til aktuell liste dei vil stå på.
- Vil det vera greitt å få spørsmål frå soknerådet om du vil stå på ei uspesifisert liste?
- Vi har ved tidlegare val opplevd at kandidatar har sagt ja til å stå på nominasjonskomiteen si liste og så i siste liten hoppa over til ei anna liste. Plutseleg kan ei av listene mista ein kandidat og dermed ha for få unge eller for få menn osv. Det kan tenkast at det er vanskelegare for nominasjonskomiteen som får inn forslag enn for ei nomineringsgruppe som kanskje heile vegen har vore i kontakt med kandidatane å ha oversyn over dette.
- Kva skjer når ein kandidat trekker seg? Kor lenge gjeld kravet om representasjon? Viss for eksempel ein ungdom trekker seg etter at lista er ferdig, kan den bli godkjent då?

(2.1.3) Rammer for nominasjonskomiteens arbeid

Bispedømerådet støttar forslaget om å presisere at Nominasjonskomiteen bestemmer spørsmål som blir lagt fram for kandidatane om kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål, men at Nominasjonskomiteens liste sine tillitsvalde har ansvar for eventuell publisering av desse svara.

Já/ Nei/ Veit ikkje /Inga meining.

(2.1.4) Tillitsutval – forholdet mellom nominasjonskomiteen og nominasjonskomiteens liste

Bispedømerådet støttar følgjande regulering av tillitsvald for Nominasjonskomiteens liste:

1. Gjeldande ordning: Listetoppen og nest øvste kandidat

(2.1.5) Økonomisk støtte og kommunikasjon

Bispedømerådet støttar reguleringa av den økonomiske støtta til Nominasjonskomiteens liste etter følgjande alternativ:

- Individuell tildeling i form av refusjon av utlegg. Kvar kandidat kan gje beskjed til Kyrkjerådet om dei ønskjer støtta utdelt til ei eining med org.nr. (dagens ordning)

Har bispedømerådet merknadar til organiseringa av Nominasjonskomiteens liste ved val av leke til bispedømeråd og Kyrkjemøtet? Kom gjerne med konkrete forslag.

Nominasjonskomiteen har ansvar for lista til den er godkjent. Deretter overtar tillitsutvalet.

Det er vanskeleg å regelfesta korleis ein komité skal arbeida, men nominasjonskomiteen treng både støtte og merksemd for å gjera ein god jobb. Dei blir i Bjørgvin valde inn i samband med valkurs, og det er inga opplæring og lite informasjon før dei møter opp på første møte. Den som blir leiar for komiteen, har eit ansvar som har blitt større enn tidlegare frå 2019. Nytt denne gongen er at digitale møteformer har blitt eit reelt alternativ. Vi vil foreslå at nominasjonskomiteen eller delar av den, har videomøte med aktuelle kandidatar, gjerne etter første gjennomgang av listene. Det vil gje eit betre inntrykk av kandidatane og tettare kommunikasjon med dei.

(2.2.3)

Bispedømerådet støttar forslaget om felles nasjonale tidspunkt for førehandsstemming. Ja

Bispedømerådet støttar forslaget om at valstyret skal legga til rette for førehandsstemming etter ei gudsteneste minst ein søndag i perioden for førehandsstemminga

Ja

Bispedømerådet støttar forslaget om at valstyret skal legga til rette for førehandsstemming minst to timer i veka.

Ja

(2.3.4) Oppfølging av andre vedtak frå Kyrkjemøtet.

Bispedømerådet støttar forslaget til endring i reglane om supplerande nominasjon ved val at sokneråd. Ja

Merknad: Ved valet i 2019 var det berre supplerande nominasjon når ein hadde for få kandidatar. Sidan dette er ein endring, kunne ein gjerne ha sett dei to reglane i § 8.1 i kvar sitt ledd av paragrafen, og uansett gjort det tydelegare ved at ein t.d. skriv:
«Dersom det ved val av menighetsråd bare er godkjent listeforslag fra nominasjonskomiteen, skal det åpne for supplerende nominasjon, uansett hvor mange kandidater det er på listen.»

Bispedømerådet støttar forslaget til paragraf om valpresentasjon ved val av leke medlemer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. **Ja**

Merknad: Det er i høyringsnotatet nemnt eit forslag om at kyrkjerådet kan stilla til disposisjon nettsider til alle listene. InnhalDET skal komma frå kandidatane. Bjørgvin bispedømeråd meiner dette er ein god ide. Vi må sjå dette frå veljarane sin synstad, og for dei vil det vera ein fordel å få all informasjon samla på ein stad og i same format. Erfaringa frå 2019 var at nettsidene var ulike og ikkje så gode å samanlikna. Vi vil meina at felles nettsider vil vera ein fordel for alle listene. Kvar liste kan i tillegg laga eigne nettsider eller andre presentasjonar som ein kan visa til frå desse nettsidene

(3.16) Bispedømerådet støttar forslaget til nye fristar? **Nei**

Merknad til forslag til nye fristar:

For eit sokneråd er ein frist på 1. februar nokså knapp, for det tek tid å koma i sving etter nyttår. Vi vil rå til at ein vurderer å flytta fristen for å foreslå kandidatar frå 1. februar til 15. februar. Frist for å oppnemna nominasjonskomite kan godt vera 1. februar.

27/22 Bjørgvin bispedømmeråd - Høring om rekrutteringsstilling i Den norske kirke- prest under utdanning sendt fra en enhet i Den norske kirke

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	20.04.2022	27/22

Forslag til vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtek høyringssvar med dei merknadane som kom fram i møte

Møtebehandling i Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023 20.04.2022:

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtek høyringssvar med dei merknadane som kom fram i møte.

28/22 Bjørgvin bispedømeråd - innspel til Questback på rekruttering av ny biskop

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	20.04.2022	28/22

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd drøfta sak om Questback.